

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtedato: onsdag 9. november 2011

Stad: seminarrom 401 i fjerde høgda av HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Leiv Egil Breivik, Margareth Hagen, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B: Sverre-Arve Myklebost.

Frå gruppe C: Jan A. Johansen.

Frå gruppe D: Ingrid Rostad

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær for rådet.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 31. august 2011

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Breivik orienterte om utlysing av seks nye stipendiatstillingar: ei stilling øymerkt engelsk fagdidaktikk, ei øymerkt arabisk språk og kultur og fire opne stillingar. Søknadsfristen for arabisk og dei opne stillingane vert 15. januar 2012. Fristen for engelsk fagdidaktikk vert sett noko før.
- B. Breivik orienterte om utlysinga av stilling i engelsk fagdidaktikk. Ingen av dei seks søkjarane vart funne kvalifiserte etter første utlysing. Etter andre gongs utlysing har instituttet fått inn fire søkjarar, og desse må vurderast av komiteen. Det er generelt vanskeleg å finna kvalifiserte søkjarar til ei førstestilling innan engelsk fagdidaktikk. Eit alternativ kan bli å tilsetja to stipendiatar (i staden for éin) med arbeidsplikt innanfor denne disiplinen.
- C. Uthaug orienterte om andre utlysingar hausten 2011. Instituttet har fått 39 søkjarar til den utlyste stillinga som studiekonsulent og ti søkjarar til undervisningsvikariatet for instituttleiar.
- D. Uthaug orienterte om arbeidet med å få til fast tilsetjing av lektorar på fag ved IF (sjå sak 4 frå rådsmøtet 8. juni 2011).
- E. Fakultetet har gitt signal om at IF vil få utlysa ei fast stilling som professor i japansk. Vedtaket om dette vil venteleg koma i fakultetsstyremøtet i desember.

Sak 4 – Arbeidsrekneskapen ved Institutt for framandspråk

Instituttleiinga har hatt møte med leiinga ved LLE om arbeidsrekneskapen, og har dessutan kontakta AHKR. Det er planlagt eit møte i slutten av november, og ein vil undersøkje om det kan arbeidast fram felles retningsliner for institutta. Instituttrådet og resten av instituttet vil bli trekt inn i den vidare prosessen framover. Møtet diskuterte ulike spørsmål knytt til arbeidsrekneskapen. Hagen meinte instituttet burde sletta frå arbeidsrekneskapen den plussida folk har med seg frå tida før IF vart oppretta sommaren 2007.

Sak 5 – Framtida for påskjøningsmidlane ved instituttet

Instituttrådet vedtok 12. mai i år (sak 5) å avvikla ordninga med påskjøningsmidlar for rettleiing av master- og phd-kandidatar. Møtet gav samstundes McCafferty, Breivik og Uthaug i oppdrag å koma attende med eit framlegg til korleis vedtaket skal praktiserast for eksterne rettleiarar, pensjonistar o.a. Rådet voterte over framlegget frå Breivik, McCafferty og Uthaug (nedanfor).

Vedtak (samrøystes):

A. Dei som har teke på seg rettleiingsoppdrag før ordninga med påskjøningsmidlar vart vedteke avvikla våren 2011:

- 1) Pensjonistar får påskjøningsmidlar også etter 2011 (i tillegg til honorar med pensjonistsats).
- 2) UiB-tilsette som ikkje arbeider ved IF, får påskjøningsmidlar også etter 2011.
- 3) UiB-eksterne får honorert for timane dei rettleier, men får ikkje påskjøningsmidlar.

B. Dei som heretter tek på seg rettleiing av master- og phd-studentar, dvs etter vedtaket om å avvikla ordninga med påskjøningsmidlar:

- 1) Pensjonistar får honorar med pensjonistsats, men ikkje lenger påskjøningsmidlar.
- 2) UiB-tilsette som ikkje arbeider ved IF, får ikkje lenger påskjøningsmidlar.
- 3) UiB-eksterne får, som før, honorert for timane dei rettleier, men ikkje påskjøningsmidlar.

Instituttet legg til grunn at UiB-tilsette som ikkje arbeider ved IF, får rettleiinga lagt inn i arbeidstidsrekneskapen ved det instituttet der dei er tilsette.

Sak 6 – Høyring: Det opne universitetet og omsynet til persontryggleik

Brevik orienterte om saka og meinte framlegga under punkt 4 er gode, ikkje minst framlegget om å styrka vakthaldet. Det var stor motvilje i møtet mot å stenga HF-bygget på dagtid. Universitetet bør halda ein dialog med politiet, og eventuelt òg bypolitikarane, om dette feltet. Instituttleiar skriv høyringsfråsegn med utgangspunkt i drøftinga i møtet.

Sak 7 – Høyring: Handlingsplan for likestilling ved UiB 2011-2015

Hagen orienterte om framlegget til handlingsplan for likestilling ved UiB 2011-2015. McCafferty meinte det burde stillast strengare krav til at utanlandske tilsette lærer seg norsk, og at dei må ta norskkurs og testast innan to år.

Ingrid Rostad tok opp ordninga om rasismefri sone.

Breivik oppsummerte med at møtet sluttar seg til handlingsplanen, men at punkt 5.3 om språk bør skjerpast (s. 17). Spørsmålet om rasismefri sone blir ikkje teke med i denne omgangen.

Koppen tok opp spørsmålet om alder i samband med phd-stillingar. Vi risikerer no at yngre søkjarar vert utkonkurrerte av eldre med lengre publikasjonslister. Møtet diskuterte spørsmålet om alderskrav, og instituttleiar prøver å finna fram til gode formuleringar i fråsegna frå instituttet.

Skagen etterlyste tiltak for å betra situasjonen for den store gruppa av tilsette som går lenge i mellombelse stillingar.

Sak 8 – Ymse

Ingen saker.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef